

Tiden Norsk Forlag  
Att. Richard Aarø  
Postboks 8813 Youngtorget  
0028 OSLO

Side: 1  
Totalt antall sider: 1

mrk. tiden forlag.

Kontakt:  
Lars Erik Moe  
Tlf: +47 23 00 26 37  
Fax: +47 23 00 25 01  
lars.erik.moe@observer.no

Dagbladet  
Seksjon: 2. halvdel  
Dato/nr: 22.04.2002  
Redaktør: John Olav Egeland  
Telefon: 22 31 06 00  
Kilde type: Avis 1 - hovedaviser  
Utgiversted: Oslo  
Fylke: Oslo  
Frekvens: 7/uke  
Opplag: 193.637  
Lesere: 813.000  
Artikkelareal: 115 cm<sup>2</sup>  
Side: 56



# Elva, huset og menneska


**bok**

MARTE HUKE  
«Delta»  
Tiden

● Debutant med  
økoetisk perspektiv  
● i rolle

■ i rolle  
dikt.

Ei elv og  
Med eit  
enkelt ut-  
gangs-  
punkt  
skriv  
Marte  
Huke go-  
de dikt  
om vat-  
net si so-



ge og menneska sine liv. Å oppdaga noko, har det vorte sagt, er å sjå det som alle andre ser, og tenkja noko anna. Det gjer Huke på sitt beste. Men det finst to grøfter å hamne i på denne vegen. Den eine er at setningane vert for enkle, for opplagde og sjølvsgde. Den andre er at ein kan pressa språket for langt i retning av det som er nytt og annleis.

Huke er nok nedi begge grøfttekantane innimellom. Den første kan ytre seg slik: «I dag har jeg vært ute, fått lys på ansiktet» (s. 41), og den

andre slik: «Du har vindmøller i blikket, og du ber meg velge mellom en snegle og et sandpapir» (s. 22).

Men mest er boka, som har ein vakker storspove på omslaget, full av dikt med ein roleg vasspuls og fine refleksjonar frå levd liv.

Eit økologisk perspektiv minner oss om at «delta» også er eit verb som handlar om å ta del. Dette får Huke fram mellom anna ved at menneske og natur språkleg glir over i kvarandre: «Elva strekker ut en venstream, rører ved steinens aksel; her tar verden

slutt.» Eg oppfattar ikkje dette bare som ei etnosentrisk besjeling av naturen, men som eit økoetisk grep som viser dialektikken: «Bølgene slår under øyelokkene dine», og «Overalt finnes skråningar. Neseryggen kaster skygge over munnen.»

Det er ein sympatisk tone i denne boka, og der «vannet skriver landskapet» og «gardinene (...) slikker ut av et vindu» går huset, menneska og elva opp i ei høgare visuell eining som Marte Huke kan vera stolt av.

Helge Torvund

161  
VR

16  
TM



0011 000005 1

Observer  
MEDIA INTELLIGENCE

Observer Norge AS  
Lilletorget 1  
N-0184 Oslo, Norway

Tel: +47 23 00 25 00  
Fax: +47 23 00 25 01

info@observer.no  
www.observer.no